



ØYRA SKULE

MØTEINNKALLING

Møte: Møte i samarbeidsutvalet (SU)

Til stede: Else Lill Riise - rektor, Hanne Karlsen Wold - lærar, Hata Begic- repr. andre tilsette, Astrid Velsvik L. Henriksen- lærar, Miriam Wiknes- nestleiar FAU og Kjetil Mastad Vestergaard- leiar FAU. Anne- Karin Espe Bae- repr. Volda kommune møtte ikkje.

Møtedato: onsdag 20.11.24	Møtetid frå – til: 18.00-19.00	Stad: Småsporven adm. avd.	Skrivar: Else Lill
-------------------------------------	--	--------------------------------------	------------------------------

Sakliste

Referat

1.Kutt i oppvekstsektor i framtida - informasjon frå rektor og høve til refleksjon	Rektor informerte om kutt som vart diskutert på TOK-tenesteutval for Oppvekst og Kultur Klubben ved Øyra skule – medlemmar i Utdanningsforbundet har laga eit avisinnlegg som Astrid las opp for møtelyden. SU er bekymra for kutta sjølv om vi forstår at det må til. Ein stiller spørsmål kring investeringar som Volda kommune gjer i høve innsparingar som går ut over skulesektoren. FAU Øyra skule har laga ein uttale knytt til innsparinga og sendt det til formannskapet sitt møte tysdag 19.11.24. FAU ved alle skulane i Volda kommune skal også lage ein felles uttale etter møte som skal vere torsdag 21.11.24. Ein er mest uroa kring kutt av to kontaktlærarar, intensiv opplæring og kutt kring dei mest sårbare elevane våre.
---	---

	Møtelyden forstår at ein må spare, men er uroa av konsekvensane av innsparinga frametter.
2. Evaluering av samarbeidet mellom FAU og skule sist skuleår. <ul style="list-style-type: none"> ● Dialog/kommunikasjon/ informasjon-Korleis? ● Innkalling/ referat til/ frå FAU/ SU – kven gjer kva? ● Plan i høve elevundersøkinga 	<p>Rektor informerte om endring av tidsfrist i høve utviklingssamtalane ved Øyra skule. FAU kom med innspele siste skuleår, der ein ga tilbakemelding om at fristen var for seint for den første samtalen (hausthalvåret). I tillegg har ein skjerpa inn rask tilbakemelding dersom føresette ringer eller sender mail til administrasjonen.</p> <p>Rektor vil også skryte av handboka som FAU har utarbeidd for Øyra skule. Det er ønske om at denne handboka for klassekontaktar vil bli felles for alle skulane med lokale tilpassingar der det er naudsynt.</p> <p>Rektor stiller seg positivt til å hjelpe med utsending av FAU referat til alle føresette, og det er berre å gi beskjed dersom det er andre saker ein kan hjelpe til med i høve informasjon som skal ut. Når det gjeld informasjon generelt så opplever ein at den er betre no enn tidlegare. FAU er takksame for at Volda kommune har opprettet eit Google Disk-område for FAU. FAU ønskjer seg også eit område på Øyra skule sine nettsider for å legge ut relevante dokumenter til alle foreldre.</p> <p>Elevundersøkinga er ferdigstilt 9. januar 2025, og resultata blir da tilgjengeleg for administrasjonen ved Øyra skule. Resultata kan ikkje offentleggjera før mandag 13. januar 2025. Då skal administrasjonen sende ut lenke til alle føresette ved Øyra skule om morgonen slik at ein ikkje opplever å lese resultata i pressa.</p> <p>Oppfølging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjetil gjer justeringar i handboka og sender til Else Lill. Else Lill sender handboka til lærarane og ber om innspele. - Kjetil lagar eit forslag til korleis nettsida kan sjå ut.
3.Bruk av digitale læremiddel- Øyra skule?	<p>Rektor informerer om at ved Øyra skule så bruker ein Ipad så fornuftig ein kan som eit læremiddel på lik linje med lærebøker knytt til dei ulike faga.</p> <p>FAU tek opp at Skjermbruksutvalet meiner skular bør avgrense praksisen med å vise film eller nyheter under matpausar. FAU ønskjer skjermfri lunsj på Volda skule.</p> <p>Rektor og lærarar svarar at det er krevjande å avvikle lunsjpause utan å bruke skjerm.</p> <p>FAU tek vidare opp bekymring om at det er mykje skadeleg innhald som er lett tilgjengeleg på elevanes</p>

	<p>iPad. For 1. til 7. klasse anbefaler Utdanningsdirektoratet filter som berre tillétt tilgang til innhold som er definert på førehand. I praksis inneber dette at alle nettsider vert sperra, og at lærarar vel ut kva for nettsider som er nyttige i undervisninga og som derfor skal tillettes. FAU ønskjer at Øyra skule følgjer Udirs anbefalingar.</p> <p>Lærarane svarar at dei har lite problem med iPad i klasseromma og at elevane bruker Ipad til det dei skal. Skulen informerte også om at dei ulike kartleggingsprøvene som elevane har gjennom barneskulen er digitale og det vil difor vere naturleg at elevane kan å bruke digitalt læremiddel. Ein skal og vere trygg som føresette at til dømes nettstadar som ein nyttar i undervisninga elles er innanfor, og blir brukt på ein god måte.</p> <p>Kjetil understrekar at FAU ikkje er i mot all bruk av digitale læremiddel. FAU har tillit til at nettstadar som ein nyttar i undervisninga er gode for bornas læring. FAU er opptekne av at dei digitale læremidla ikkje er til skade for borna. Derfor ønskjer FAU at Øyra skule følgjer Utdanningsdirektoratets anbefalingar om at elevane berre har tilgang på dei nettstadene og appane som lærarane har opna for.</p> <p>Kjetil informerer om at FAU har satt ned ei gruppe som jobbar med ein digital veileiar. Dette har fleire andre skular i landet også gjort.</p>
Evt	<p>Rektor og lærarar informerer om at det er mange born på skulen frå 7.30 som ikkje har SFO. Desse borna har ikkje tilsyn, og lærarane ser uheldige situasjonar som oppstår inne og ute på skulens område. Rektor har sendt ut melding til føresette via Vigilo der ho oppmodar om at born som ikkje har SFO kjem til skulen etter 8.15. Rektor ønskjer at FAU tar opp dette.</p> <p>Oppfølging: FAU tar dette opp i neste møte eller i eigna kommunikasjonskanal.</p>

Referent: Else Lill Riise, rektor Øyra skule